



Saksmappe: 2025/755
Sakshandsamar: SSH
Dato: 17.04.2026

Saksframlegg

| Utv. Saksnr. | Utval | Møtedato |
|--------------|-------------|----------|
| | Formannskap | |

Støtte til juridisk rådgjeving - utvikling av avtaleverk mellom rørte grunneigarar og kommunen i høve kraftkrevjande etableringar

Kommunedirektørens si tilråding

Formannskapet løyver inntil 100.000 til juridisk rådgjeving til rørte grunneigarar for å sikre at avtaleverk med kommunen blir tilstrekkeleg til å ivareta dei sine interesser andsynes kommunen i samband med utvikling av utbyggingsmodell og tilrettelegging for mogleg etablering av kraftkrevjande verksemder i Holsmoe og Bykjilsmoen.

Løyvinga blir ytt frå næringsramma.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at det er rimeleg at kommunen yter støtte til rørte grunneigarar i samband med utvikling av avtalemmodell for utvikling av kraftkrevjande etableringar basert på at dette er eit kommuneinitiert prosjekt.

Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i ønskje om å leggje til rette for etableringar av kraftkrevjande verksemder i område utpeikt i kommuneplanen sin arealdel, og i oppfølging av vedteken næringsplan er det etablert dialog med rørte grunneigarar som har område avsett til datalagring / næringsføremål.

Dialogen og viljen til å finne omforeinte og tenlege løysingar er god mellom kommunen og grunneigarane.

I samband med førebuing av sak om etablering av eige utviklingsselskap er et viktig å finne ein modell / konsept som både utløyser høve til stegvis etablering av kraftkrevjande verksemder, og for å få formalitetar for å kunne innmelde behov for tilgong på tilstrekkeleg straumkapasitet.

Ein har drøfta prinsipp og løysingar, og er no i ei fase med konkretisering og utvikling av konsept / avtaleverk. Dette bør ivareta både grunneigarane og kommunen i høve eventuell overtaking av del av eigedomar, og eventuell avslutting/exit dersom prosjektet ikkje let seg realisere. Det er og viktig å avklåre skattemesssige tilhøve vedrørande ev kontantbidrag eller utbyttmodell etter kvart som etableringane finn stad.

I tråd med vanleg praksis synest det rimeleg at kommunen dekker advokatutgifter for å sikre ein balansert avtalemodell for baa partar.

Formelt grunnlag

Formannskapet har fullmakt til å avgjere saker inntil kr. 500.000.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Ein har drøfta behov/omfang av ev juridisk bistand med prosjektleinga, og tilrår at det blir gitt høve til bistand mellom kr. 50-100.000.

Ein vurderer at kommunen bør sikre at baa partar er ivareteke i denne fasen – og at ein vurderer det som rimeleg at kommunen yter støtte med bakgrunn at dette er eit kommune-initiert prosjekt.

Tilhøve til kommuneplanen

I tråd med gjeldande kommuneplan, vedteken arealstrategi og strategisk næringsplan.

Konsekvensar for folkehelse

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Melding om vedtak blir sendt til: